



SOGNDAL ELDRERÅD 2016



Referat frå møte tysdag 5.april.

Medlemmer: Grete Fischer, Edit Flatland, Elna Karin Opdal Lund, Njål Olstad og Jarle Aarvoll

Vara: Svanhild Breisnes

Sekretær: Åge Vedvik

Sak 9/16: Godkjenning av innkalling

- Innkalling vart godkjent.
Rådet ynskjer at 1.vara deltek på møta.

Sak 10/16: Godkjenning av referat frå møte 9.februar 2016

- Referat frå møte 9.februar vart godkjent.

Sak 11/16: Val av leiar og nestleiar

- Det vart som innleiing orientert om lovtekst rundt val av leir og nestleiar i rådet, jf. Eldrerådslova og rundskriv A-32/2007.
- Rådet valte Grete Fischer til leiar i rådet.
- Rådet valte Njål Olstad til nestleiar.

Sak 12/16: Orienteringssaker

- Skrivet Livskvalitet for eldre - ei samansett oppgåve frå Eid eldreråd vart levert til alle medlemmane. I samband med dette tema vart det stilt spørsmål rundt utbygginga på SHOS. Rådet vil ta kontakt med Jarle Skaar for ei eventuell orientering.
- Leiar orienterte kort om at fylkeseldrerådet si møtebok er tilgjengelig på nett. www.sj.no. Leiar trakk spesielt fram saka om elektroniske bussbillettar som var oppe i møte til fylkeseldrerådet den 2.februar. Sogndal eldreråd vart i møte einige å fylge opp saken ved å ta kontakt med fylkeseldrerådet og at ordførar tek det med seg inn i Sogn Regionsråd.

Sak 13/16: Årsmelding 2015

- Årsmelding vart godkjent.

Sak 14/16: Eldredagen 2016

- Vedtak i møte: Sogndal eldreråd tek kontakt med LC Sogndal v/Einar Skeie, med spørsmål om vidare samarbeid rundt dette arrangementet.
- Det vart myldra rundt denne dagen i møte. Aktuelle tema: Film og historia frå gamledagar.

Kulturhuset. 2.etg.

6856 Sogndal

Tlf 992 86 017

Epost:frivilligsentralen@sogndal.kommune.no



SOGNDAL ELDRERÅD 2016



Sak 15/16: Orientering frå politisk/administrativt nivå

- Ordførar orienterte om Kommunereforma med tenesteutvikling, samfunnsutvikling og arbeidsplassutvikling som dei mest sentrale tema i diskusjonen om framtidig kommunestruktur. Det er bestemt dato for folkemøte den 18.mai og folkeavstemming 23.mai.
- Ordførar ba rådet ta stilling til framtidig rådsstruktur i løpet av 2016. Skal Sogndal eldreråd vere som i dag eller slå seg saman med Rådet for personar med nedsett funksjonsevne.
- Næmt vart og opparbeiding av boccia-bane i sentrum.

Sak 16/16: Møteplan 2016

- Styremøte 1/2016: tysdag 9.februar.
- Styremøte 2/2016: tysdag 5.april.
- Styremøte 3/2016: Dato vert bestemt ved seinare høve, men er ynskja gjennomført første halvdel av juni månad. Resterande møte vert bestemt etter aktuelle saker som kjem opp til eldrerådet.
- Tid og sted for det årlege Regionsmøte vert sjekka opp snarast råd.

Sak 17/16: Ymse

- Bilførar 65+. Eldrerådet ynskjer meir informasjon om tilbodet.
- Tilgang på fysioterapi i Sogndal. Er kapasiteten slik at alle får den hjelpe dei har krav på. Eldrerådet sjekkar opp kva som er dei rette instansar å forhøyre seg med.
- Sogndal Legesenter og uniformering blant legane. Rådet ynskjer at alle legane brukar uniform.
- Benkar i sentrum. Sekretær sjekkar ut dette med kommunalteknikk om passande høve.
- Trivselshagen på SOS. Leiar tek kontakt med Reidun og aktivitør på SOS ang utplanting i Trivselshagen.
- Ynskja tema i komande møte: Sogn Frisklivssentral og SHOS-utbygginga.

Sogndal 8.april 2016.

Grete Fischer
-leiar-

Åge Vedvik
-sekretær-

Kulturhuset. 2.etg.
6856 Sogndal
Tlf 992 86 017
Epost:frivilligsentralen@
sogndal.kommune.no